

STUDIEMATERIELL

SNØSØSTERA



DET
NORSKE
TEATRET

«LA DET BLI DET SOM ME KALLAR FOR JUL.»

Om julestemning hadde ein farge, ville den vore varmgul, seier Julian. For julestemninga lyser nemleg opp inne i deg, akkurat som ein fakkell, meiner han.

Julian er hovudpersonen i historia *Snøsøstera*. Mange har nok lese boka, som er skriva av forfattar Maja Lunde med illustrasjonar av Lisa Aisato. No har denne forteljinga blitt til teater, og det er den du skal sjå no!

Når historia startar, er det 1. desember og snart jul. Og Julian elsker jul. Lukta av klementinar og peparkaker, stearinlys og spenninga i adventstida. Vanlegvis er desember den beste tida av året, men i år gruer Julian seg. Heime er nemleg ingenting som det brukar vere. Storesøstera til Julian døydde nyleg, og sidan har ikkje foreldra vore seg sjølve. I år er jula avlyst. Alt ser bekmørkt ut - inntil han møter ei underleg jente som heiter Hedvig.

Snøsøstera er ei historie om sorga over å miste ei søster, og gleda ved å få ein ny venn, om overnaturlige ting og ekte julegleder.

I dette studiematerialet får du tekst relevant for framsyninga *Snøsøstera*, utdrag frå manus, oppgåver de kan snakke om i klassen før og/eller etter de har sett framsyninga, notar til musikken og ein julekviss. Oppgåvene passar spesielt for faga norsk og musikk, men det er også mogleg å inkludere andre fag, om de ønskjer det.

Håper de får ei fin oppleving med *Snøsøstera*!


Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås
Formidlingsdramaturg
Det Norske Teatret

På scenen



Gina Bernhoft
Gørvell
Hedvig



Vetle
Bergan
Julian



Per
Schaanning
Henrik



Andreas K.
Kvisgaard
John



Stine Elverhøi
Johnsen
Augusta



Ellen Birgitte
Winther
Mamma



Kyrre
Hellum
Pappa

Kunstnarleg lag

Basert på boka av
Maja Lunde og
Lisa Aisato

Dramatisering
Maja Lunde

Regissør
Alan Lucien Øyen og
Erik Ulfsby

Komponistar
Odd Nordstoga og
Henrik Skram

Scenograf
Åsmund Færavaag

Kostymedesignar
Stine Sjøgren

Lysdesignar
Torkel Skjærven

Lyddesignar
Gunnar Innvær

Videodesignar
Martin Flack

Rulleskøyteinstruktør
Louisa Warwin

Dramaturg
Anders Hasmo

*Det er mange som skal
til for å lage teater. Veit
de kva ein regissør gjer?
Eller ein komponist?*



JULIAN WILHELMSSEN

Julian er snart elleve år og elsker lukta av granbar og peparkaker. Han elsker òg lyden av "Glade jul" som blir spelt kvar julekveld, som òg er fødselsdagen hans. Han elsker rett og slett jula, eller det vil seie: Han gjorde det heilt til storesøstera Juni døydde. No er jula trist, keisam og kald, og Julian gler seg ikkje over noko lenger. Kan møtet med Hedvig gje Julian julekjensla attende? Og kan ho hjelpe han å få hovudet over vatnet, ikkje berre i symjehallen, men òg i det levande livet?



HEDVIG HANSEN

Hedvig er ei merkeleg, leiken og sprudlande jente på ti år. Ho elsker livet og alt det morosame som høyrer til, slik som å drikke kakao med krem, stå på skeiser og å leike gøymeleik i Villa Kvisten. Livet er jo altfor morosamt til ikkje å leve det! Men nokre gonger må ein klare å finne roa, og kanskje treng ho ein gut som Julian for å klare det?



HENRIK

Henrik er ein mystisk mann med langt grått skjegg som ber på ein stor nøkkel. Han er ganske gamal, slik som ein bestefar, men han ser ikkje så hyggeleg ut som ein bestefar skal. Julian ser han ofte utanfor Villa Kvisten, og kva gjer Henrik her, tru? Kanskje veit Henrik meir om korleis Julian har det, enn kva Julian fyrst trur? Og kanskje Henrik og Julian er likare enn det Julian fyrst tenkjer?



JOHN

John er bestekompisen til Julian. Dei er dei lågaste og spinklaste i klassen, og så er dei begge dårlege i fotball. Julian og John har det alltid kjekt i lag, og dei pratar og ler så mykje at dei rullar rundt på golvet og ristar. Men det var før Juni døydde. No ler dei ikkje lenger og Julian har ikkje lenger noko å seie til John.



MAMMA WILHELMSEN

Mora til Julian pleidde alltid å fortelje morosame ting om kva som hadde skjedd på jobben, og ho lo ofte så høgt at Julian blei heilt flau. Faren til Julian sa at det var denne latteren han fall for da han blei forelska i ho. Men no er mamma heilt stille og det einaste ho vil prata om er keisame ting som vêret, og alt ho gjer er keisame ting som å vaske og lese avisa.



PAPPA WILHELMSEN

Faren til Julian ville alltid planlegge kva han og Julian skulle finne på, både i helga og om eit år, og han pleidde å glede seg sånn at han kunne gjere små hopp i stolen. Men etter at Juni døydde er pappa mest sløv og fjern. Han gler seg ikkje lenger til jul eingong. Kanskje treng foreldra til Julian hjelp til å hugse jula? Som Hedvig seier: "Jula er ei sånn fin tid, at det er viktig å hugse på den heile tida!"



AUGUSTA WILHELMSEN

Augusta er veslesøstera til Julian. Ho er fem år gamal og luktar akkurat slik barnehagebarn gjer, nemleg ei blanding av såpe, mjølk og våte gummistøvlar. Før Juni døydde var Augusta ei tøff lita jente, som visste akkurat kva ho ville. Mamma og pappa pleidde å kalle Augusta for Dynamitten, fordi ho kunne bli så sint. Men etter at Juni døydde, blir ikkje Augusta sint lenger.



JUNI WILHELMSEN

Juni er den morosame, småville og glade søstera til Julian – faktisk den gladaste Julian kjente, jenta som lo høgare enn alle andre. Men noko skjedde med Juni, ho blei plutselig stille, ho slutta å le, slutta å ete og slutta å vere morosam. Juni blei sjuk, ikkje av ein vanleg sjukdom, men av ein slags tristleik. Ho blei tynnare og tynnare, og så døydde ho berre. Alle saknar Juni, og jula er ikkje den same utan ho.

Kva handlar *Snøsøstera* om?



Julian elsker jul. Men i år er nok jula avlyst, tenkjer han.



Heime er ingenting som det skal vere i desember. Alt er berre grått og trist.



Ikkje ein gong adventstjerna er oppe. Faren, mora og veslesøstera er lei seg. Alt er berre leitt.



Storesøstera til Julian døydde nemleg for ikkje lenge sidan. Korleis kan ein vere glad da?



Men ein dag møter Julian Hedvig! Ho bur i Villa Kvisten, er glad, raud og morosam.



Ho elsker jul og kakao og peparkaker og alt som er godt.



Hedvig er kjempeflink til å gå på skøyter. Men ho kan ikkje å ...



... svømme, men det kan Julian, og han prøver å lære ho det.



Så dukkar det plutselig opp ein merkeleg gammal mann.



Han luskar mistenkeleg rundt Villa Kvisten. Kven er han, eigentleg?



Og så er det faktisk noko rart med Hedvig også. Kva kan det vere?



Kan Julian finne ut av alt dette? Og kan det bli jul i år likevel?



Det er lov å grue seg til jul

Ingenting er så koseleg som jula. Familien samlar seg, vi tar fram julepynten og tenner lys. Vi gir og får gåver, og alle er glade. Er det rart vi gler oss til jul? Eller? Vi tok ein liten prat med Maja Lunde om det å gle seg og ikkje gle seg til jul.

- I jula blir både dei gode og dei vonde kjenslene skrudd opp på maksimal styrke. Om du saknar nokon, så blir det saknet ekstra sterkt på julaftan. Det tenkte eg mykje på da eg skreiv *Snøsøstera*, seier Maja Lunde.

Det kan vere mange grunnar til at barn ikkje gler seg til jul. Nokon vaksne stressar så mykje at det ikkje blir hyggeleg. Andre vaksne drikk for mykje alkohol og forandrar seg. I nokon heimar er det ikkje julefeiring. Da er det ikkje så kjekt å sjå at alle andre har det koseleg. Og at dei får finare og artigare gåver enn deg. For nokon er jula trist fordi dei saknar den eine forelderen sin. Det har Maja Lunde opplevd.

- Foreldra min er skilde, så eg hugsar godt korleis det var å sakne den som eg ikkje feira jul med. Sånn er det utruleg mange som har det. Og så vil vi jo helst at julaftan skal vere perfekt. Da er det ekstra vondt når alt ikkje er som det skal, seier ho.

Maja har heldigvis lært seg noko viktig: At jula ikkje treng å vere perfekt. Ho kan vere bra akkurat sånn som ho er. Ei jul som er annleis enn det du hadde tenkt, kan også vere ei fin jul. Dette snakka ho og Lisa Aisato masse om da dei laga boka *Snøsøstera*, og sånn er det i boka også. Lisa har laga dei fine bilda til boka, mens Maja har skrive teksten.

- Om vennen din gruar seg til jul, kan det vere lurt å spørje om grunnen til det. Og så kan du høyre om det er noko du kan gjere. Kanskje du og vennen din kan lage ein eigen juletradisjon i lag? Men om det er noko alvorleg som gjer at du gruar deg til jul, må du snakke med ein vaksen om det, seier Maja Lunde.

- Det er det Julian må gjere i *Snøsøstera*. Han må tore å seie til foreldra sine at sånn som vi har det no, det er ikkje greitt. Og da er det større sjanse for at alt blir betre. Slik det blir for Julian og familien hans.

Maja Lunde er forresten eit skikkeleg julemenneske. For sjølv om ho ofte sakna nokon i jula da ho var lita, var foreldra hennar flinke til å lage ei fin jul. Derfor har ho mange gode minne frå barndommen. No når ho har blitt vaksen, har Maja blitt veldig glad i julekosen. Ho kan kjenne julestemninga i heile kroppen sin. Og ho pyntar huset sitt i Villa Kvisten- stil. Kanskje liknar ho litt på Hedvig?

- Det er eit ljøs inni meg og små eksplosjonar av glede i hovudet. Jula for meg er maksimalistisk, varm og kjemperaud. Men det viktigaste med jula er at vi har det hyggeleg, ikkje at vi prøver å ha det perfekt, seier Maja Lunde.



1 av 10 barn
og unge gruer
seg til jul.

Kilde: Blå Kors



Maja Lunde er forfattar og har skrive boka *Snøsøstera*.



Juletradisjonar

Julian i *Snøsøstera* elsker jula. Og for mange er det nettopp tradisjonane, og det at vi gjer det same år etter år, som gjer jula spesiell. Mange av tradisjonane vi har i jula er gamle. Her kjem litt fakta om julenissen, juletre, julegåver og julekort.

JULENISSEN

Den norske nissen har eigentleg ingenting med jul å gjere, og er også kjent under namn som tuften, tuftekallen, tokkallen, tomten, haugetomten. Nissen var eit leikent lite vesen kledd i vadmålsklede, knebukser og gjerne raud eller blå lue. Han heldt til på garden og såg til dyr, hus og folk, og det var best å halde seg inne med han. Derfor har det vore ein tradisjon å sette ut god mat til nissen, gjerne graut, ved jul. Det finst mange historier om kva som kunne skje om nissen blei misnøgd fordi han ikkje fekk julemat, eller dersom ein ikkje stelte pent med dyra. Det ville ein ikkje risikere!

Julenissen stammar frå Sankt Nikolaus (på engelsk Santa Claus), biskop i Myra i Lilleasia på 300-talet. Han skal ha vore svært snill og hjelpte dei fattige. Etter at han døydde, blei han helgen for sjøfolk. Alle som heiter Nils er kalla opp etter han. Nilsmesse den 6. desember er hans dag, og etter denne dagen var det farleg for skip å reise frå land. Men Nikolaus blei også helgen for andre. I mellomalderen blei han helgen for skolebarna, og gav dei straff eller påskjønning. Nedover i Europa på katolske skolar blei Nilsmesse feira med julespel. Da fekk barna som hadde vore flinke gåver av Sankt Nikolaus, medan dei som ikkje hadde vore flinke, fekk ris av ein figur kledd ut som ein smådjevel som Nikolaus leidde i eit band. «Er det nokon snille barn her?» har altså ikkje alltid vore eit spørsmål som alltid blir svart ut med eit rungande «Ja!». Slemme barn fekk ris!



JULETRE

Tradisjonen med juletre stammar frå Tyskland, der arbeiderlaug byrja å ta inn tre ved juletider og pynta dei med eple og godter til barna, når dei samla familiane til julefest. På 1800-talet kom tradisjonen til Noreg – først til dei rike familiane, og frå byrjinga av 1900-talet byrja juletree å bli allemannseige. Men i veldig ulike former. I byrjinga pynta ein treet med etande ting som eple, julekaker, kandissukkerstenger,



rosiner på snor, fiken og små, kvite stearinlys. Ein tok det ein hadde; gamle perlehalskjede, sløyfeband eller ein kunne måle heile treet frostkvitt med melisglasur. Mot slutten av jula kunne godsakene på juletra «haustast». Seinare blei det vanleg å pynte med julekorgar med godter i, og det er det framleis mange som har. Etter kvart kom det glansa papir, sølvglitrande lenker, flagg, julekuler og pynt i ulike former som hjarte, fuglar, stjerner, sopp, englar, nissar eller klokker. I toppen av treet er det i dag vanlegast å ha ei stjerne, men tidlegare kunne det også vere englar, spir, fuglar eller nissar, for eksempel. Korleis pyntar de treet heime hos deg?

JULEGÅVER

Tradisjonen med å gi gåver til jul er gamal, men i byrjinga var det på nyttårsaftan ein gav gåver til kvarandre. I mellomalderen var det gjerne tjenestefolk som fekk gåver. At det var barna som fekk flest gåver, blei først vanleg mot slutten av 1800-talet, og da var det gjerne nyttige ting som heimestrikka vottar, luer, forkle og jakker dei fekk. På 1800-talet var det nokon som hengde gåvene på sjølve juletreet, men ettersom gåvene voks i storleik, blei det vanleg å legge dei under treet, her i Noreg. Og det er det sjølvsgagt julenissen som gjer, er det ikkje?

JULEKORT

Tradisjonen med å sende julekort til venner og familie er også ein gamal tradisjon. Vi trur at det første julekortet i nyare tid blei teikna av den britiske kunstnaren John Calcott Horsley i 1843. Rundt år 1900 var skikken med å sende julekort blitt vanleg også i Noreg. I dag er det mange som sender e-post eller melding på Facebook med julehelsing. Henrik, den gamle mannen i *Snøsøstera*, teiknar julekort som han sel til butikkar.



To barn som leiker med julegåvene dei har fått. Ser du kva det er?

Julefakta, kjelder:

Ann Helene Bolstad Skjelbred: Jul i Norge, Museumsforlaget 2014

Jul i vårt hus, samlet og redigert av Margaretha Schildt, norsk utgåve ved Jo Tenfjord, Den Norske Bokklubben 1985

Store Norske Leksikon

Bilde i saka: Nasjonalbiblioteket

Når alle andre sansar kan få kvile

♩ = 126

Tekst og melodi: Odd Nordstoga

C C F C Am

Eit bod ligg og vent-ar langt der ut-e blantstjern-er o-ver
skin det no-ko nytt i al-le - au-go no-ko nytt kjem o-ver

9 F C C G/H Am F

hav og fjell Det vent-ar på at ver-da ska' bli stil-le og klar te det kjem fram i
der du - står No-ko nytt er og i snø og tre der - u-te. for det bren-ker alt der som du

18 C G/H C F Am G Em Dm C/E

kveld Det bo-det er - kje slikt som øy - ro høy-rer el-ler slikt som du med au - go ditt kan
går snarhøy-rer du-det kim - er i ei klok-ke og det syng av jo - le song frå alt i

26 F Dm F

sjå men tal - ar eit språk av det slag-et sommen-nes-ka sitt hjar-ta kan for
kring og myrk-ret med det un - der-le-ge ljøs-et det er bod - et som kom fram te al - le

34 G G F C F Am F

stå For når al-le an dre sans-ar kan få kvi - le og ro har fun-ne veg te al - le sinn
ting

43 Am C F C Dm C/E F C/G G C

då kan hjar-ta høy-re bo-det ut_ i myrk-ret og op-ne dø-ra si og la det ko-ma inn

51 1. 2. Dm C/E F G F G C

Då Og la det bli det som me kal-lar for

62 F F/E Dm F/C G/H F/A G G/H C F F/E Dm

ju - l og la det bli det me kal-la for ju - l

74 G F C F Am F

Når al - le an dre sans-ar kan få kvi - le og ro har fun-ne veg te al - le sinn

82 Am C F C Dm C/E F C/G G C

då kan hjar-ta høy-re bo-det ut_ i myrk-ret og op-ne dø-ra si og la det ko-ma inn
rit.

Når alle andre sansar kan få kvile

Tekst og melodi: Odd Nordstoga

Eit bod ligg og ventar langt der ute
blant stjerner over hav og fjell.
Det ventar på at verda ska' bli stille
og klar te det kjem fram i kveld.

Det bodet er 'kje slikt som øyro høyrer
eller slikt som du med augo ditt kan sjå,
men talar eit språk av det slaget
som menneska sitt hjarta kan forstå.

Når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg te alle sinn
då kan hjarta høyre bodet uti myrkret,
og opne døra si og la det koma inn.

Då skin det noko nytt i alle augo.
Noko nytt kjem over der du står.
Noko nytt er og i snø og tre der ute,
for det blenkjer alt der som du går.

Snart høyrer du det kimar i ei klokke,
og det syng av jolesong frå alt i kring.
Og myrkret med det underlege ljuset
det er bodet som kom fram te alle ting.

For når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg te alle sinn
då kan hjarta høyre bodet uti myrkret,
og opne døra si og la det koma inn

Og la det bli det som me kallar for jul!
Og la det bli det me kalla for jul!

Når alle andre sansar kan få kvile
og ro har funne veg te alle sinn
då kan hjarta høyre bodet uti myrkret,
og opne døra si og la det koma inn.



Skann QR-koden for å komme til låta i Spotify.



Slik lagar du ein julehit!

Jul i svingen, Jolevise, Nissens song, Fransk julesong, Når alle andre sansar kan få kvile ... Lista er lang over julesongar med Odd Nordstoga sin signatur. Men korleis lagar ein eigentleg ein julehit? Her er nokre tips frå meisteren for den som vil prøve seg:

1. Tenk på snø og granskog.
2. Tenk på augeblinken da jula blir ringt inn, på å vere saman med familien.
3. Prøv å kalle fram ei fellesskapskjensle.
4. Gjer det litt enkelt, ikkje masse avanserte akkordar.
5. Songen bør gå i dur.
6. Musikken må gjerne gå i ei takt ein kan gyngje til.
7. Gjer det gjerne roleg, men likevel løfterikt og fint.
8. Det må vere nært og heimleg.
9. Melodien må vere veldig, veldig folkeleg. Men la deg gjerne også inspirere av det klassiske og barokke. I julemusikken går det høge og det låge opp i ei høgare eining.
10. Tenk deg at du skal knyte eit band frå stova heime til dei største katedralane nede i Europa.

Lykke til – og god jol!

Helsing Odd.

Julekviss

SPRÅK OG TRADISJON

Spørsmål 1: Korleis seier ein «god jul» på spansk?
Svar: Feliz navidad

Spørsmål 2: Kva for tre gåver gav dei vise menn til Jesus-barnet, i følge Bibelen?
Svar: Gull, røykelse og myrra

Spørsmål 3: Småfuglane elsker det, men kva for kornslag er juleneket ofte laga av?
Svar: Havre

Spørsmål 4: Kva for dato feirar vi Lucia-dagen?
Svar: 13. desember

Spørsmål 5: Sei namnet på eitt av dei sju slaga julekake ein må lage til jul, ifølge tradisjonen.
Svar: Sandkake, peparkake, fattigmann, goro, berlinerkranser, krumkaker, serinakaker



Dei tre vise menn kom med gåver. Kva for gåver var det? Foto: Nasjonalbibloteket.



På veslejulaftan ser mange på denne sketsjen. Men kva heiter den? Foto: NRK.



Kva heiter julenissen i TV-serien *Snøfall*? Foto: NRK.

TV OG FILM

Spørsmål 6: I filmen *Alene hjemme 1* blir Kevin gløymd igjen heime når familien reiser på ferie. Men kor er det familien reiser?
Svar: Paris, Frankrike

Spørsmål 7: Kva heiter julenissen i julekalenderen *Snøfall*? (Bilde)
Svar: Julius

Spørsmål 8: I kva for julefilm som kom i 2021, spelte popstjerna Astrid S?
Svar: *Tre nøtter til Askepott*

Spørsmål 9: Han er grøn og han hatar jul. Men kva heiter teikneseriefiguren?
Svar: Grinchen (The Grinch)

Spørsmål 10: Kva for sketsj i svart/kvit blir vist kvart år på NRK på veslejulaftan? (Bilde)
Svar: *Grevinnen og hovmesteren*

JULEMUSIKK

Spørsmål 11: Kva eller kven er det nissefar trugar med å hente om «dere ikke holder opp», i «På låven sitter nissen»?

Svar: Katta

Spørsmål 12: Kven har skrive julesongen «Når alle andre sansar kan få kvile» som dei syng i *Snøsøstera*?

Svar: Odd Nordstoga

Spørsmål 13: Syng neste setning: «Glade jul, hellige jul ...»

Svar: «Engler daler ned i skjul.»

Spørsmål 14: Syng neste setning: «Klinger i hei, klinger i li ...» frå *Jul i blåfjell*. (Bilde)

Svar: «Hei hooo må denne dagen bli god!»

Spørsmål 15: Kva er det julenissen har mista i familiemusikalen *Putti Plutti Pot*?

Svar: Skjegget



Kan du songen Turte syng i starten av *Jul i blåfjell*? Foto: NRK



Hedvig bur i eit stort gammalt hus. Og huset har eit namn! Foto: Siren Høyland



Hugsar du kva denne forfattaren heiter? Foto: Siren Høyland

SNØSØSTERA

Spørsmål 16: Kva heiter forfattaren av boka *Snøsøstera*? (Bilde)

Svar: Maja Lunde (Lisa Aisato har illustrert)

Spørsmål 17: Kva heiter guten som er hovudpersonen i *Snøsøstera*?

Svar: Julian

Spørsmål 18: Kva heiter huset som Hedvig bur i?

Svar: Villa Kvisten

Spørsmål 19: Kvifor heiter søstera til Julian Augusta?

Svar: Fordi ho bursdag i august. (Og Julian heiter det han gjer fordi han har bursdag på julaftan).

Spørsmål 20: Kva er favorittdrinken til Julian?

Svar: Kakao (og det han liker best å ete, er peparkaker, nam!)

Oppgåver til framsyninga

Her kjem oppgåver som er relevante for framsyninga *Snøsøstera*. Vel ut og gjennomfør dei aktivitetane som passar for klassen og tida de har til rådvelde. Nokre av oppgåvene kan de gjere etter de har sett framsyninga.

Elevane kan anten velje seg ei oppgåve som dei kjem med svar på sjølv. Men mest moro er det å diskutere saman i klassen. Kanskje de har oppfatta og tolka ting heilt ulikt! Teateropplevinga blir betre av å snakke om ho i fellesskap. Det er også mogleg å kombinere felles og individuelle oppgåver. Finn det som passar best for di gruppe.

OPPGÅVE 1: IKKJE Å GLE SEG TIL JUL

I *Snøsøstera* er Julian redd for at det ikkje blir jul i år. Vanlegvis elsker han jula, men i år er han og familien lei seg fordi han har mista søstera si. Det er ikkje alle som feirar jul. Det er heller ikkje alle som gler seg til jula. Det kan det vere ulike grunnar til.

Les intervjuet med Maja Lunde, «Det er lov å grue seg til jul», i dette studiematerialet.

- Kva kan vere grunnar til at nokon ikkje gler seg til jula?
- Kva kan ein gjere dersom ein sjølv ikkje gler seg til jul?
- Kva kan ein gjere om ein venn eller klassekamerat ikkje gler seg til jul?

OPPGÅVE 2: JULESTEMNING

I *Snøsøstera* seier Hedvig at julestemning er den beste kjensla i heile vide verda. Og at ingenting gir ho meir julestemning enn snø. Sånn beskriv Julian kjensla av julestemning:

Julestemning er liksom ei mjuk og plysjaktig kjensle som prikkar i tærne og får hjartet til å banke ørlite grann fortare. Julestemning er ei sånn kjensle som gir deg lyst til å slå ut armane og klemme nokon inntil deg, som får deg til å synge, til å le og gir deg klump i halsen. Alt på same tid.

- Kva er egentleg julestemning, tenkjer de?
- Er de einige i Julian sin måte å beskrive kjensla av julestemning?
- Hedvig får julestemning av snø. Kva gir dykk julestemning?

OPPGÅVE 2: JULETRADISJONAR

Har du tenkt over at det egentleg er litt rart at vi tek inn eit tre i stua i jula? Veit du kvifor vi gjer det? Tradisjonar er noko vi gjer igjen og igjen, år etter

år. Og i jula er det mange som har tradisjonar dei er veldig glade i. Julepynt dei må ha oppe kvart år, mat dei må ete, filmar dei må sjå. For elles blir det liksom ikkje jul, seier dei.

Les artikkelen «Juletradisjonar» i dette studiemateriellet.

- Kva er ein tradisjon?
- Kva for juletradisjonar kjenner de til?
- Kva et de på julaftan? Ha ei avstemning i klassen og finn ut kva som er mest vanleg julemat i dykkar klasse.
- Er det nokon i klassen som har tradisjonar i jula som dei andre ikkje har?
- Kva skal til for at du skal komme i julestemning?
- I julekvissen i dette studiemateriellet er det eigne spørsmål om språk, juletradisjonar, film og tv. Kan de svara på alle spørsmåla?

OPPGÅVE 3: JULEMUSIKK

Det finst veldig mykje musikk som har juletema. For mange har musikken mykje å seie for å komme i julestemning. Enkelte songar har ein religiøs budskap, men mange handlar også om alt anna folk forbind med jul, som mat, familie, juletre, julenissen osv.

- Snakk saman i klassen om julesongar de kan.
- I julekvissen i dette studiemateriellet er det ein eigen kategori for julemusikk. Kan de svara på alle spørsmåla?
- Prøv å lære dykk songen «Når alle andre sansar kan få kvile», som dei syng i *Snøsøstera*. De finn låta på Spotify, og notane og teksten finn de i dette studiemateriellet. Det kan vere nokre ord som er vanskeleg å forstå, - snakk saman om det i klassen.
- Odd Nordstoga, som har skrive songen, har også laga ei oppskrift på korleis skrive ein julehit. Klarar klassen å lage ein julesong som slår an?

OPPGÅVE 4: SNAKK OM TEATEROPPLEVINGA

Det er alltid moro å snakke saman etter ei teateroppleving. Her kjem nokre punkt de kan bruke som utgangspunkt for samtalar om dei ulike elementa i framsyninga.

Beskriv og diskuter handling og forfattar
(Her kan de sjå på bilda i «Kva handlar *Snøsøstera* om» i dette studiemateriellet.)

- Kva handlar stykket om? Kan de gi att handlinga i fellesskap?
- Kva for tema er viktige i denne framsyninga? (t.d. sorg, vennskap, jul)
- Veit de noko om forfattaren Maja Lunde? Er det nokon som har lese boka, eller lese andre bøker ho har skrive?

Beskriv og diskuter personane i stykket
(Her kan de sjå på persongalleriet i dette studiemateriellet, men tenk også på korleis dei framstod på scenen, kostymer, kroppsspråk, osv.)

- Julian er hovudpersonen i stykket. Kven er han og kva er viktig for han?
- Kven er Hedvig, og kva er viktig for ho?
- Kva er forholdet mellom Julian og Hedvig? Kva er fellestrekk og skilnadar på dei?
- Er det personar som endrar seg i løpet av framsyninga? Kva er det eventuelt som gjer at dei endrar seg?
- Kva for andre personar møter vi, og kva for rolle spelar dei i framsyninga?

Beskriv og diskuter scenografien

Scenografi er dei store tinga ein ser på scenen. Det kan vere eit hus, ein skøytebane, ei gatelykt osv. Dei mindre tinga på scenen kallar ein rekvisitt, t.d. når ein skodespelar drikk kakao og et peparkaker, så er dei tinga rekvisittar.

- Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.
- Kva var skilnaden på Villa Kvisten, der Hedvig bur, og heimen til Julian (t.d. lysbruk, møblar, stemning osv).
- Var det noko de synest var bra laga på scenen?
- Var det noko de synest var rart?

Dramaturgi

Dramaturgi handlar om korleis ein fortel ei historie. For ei historie kan alltid bli fortalt på mange ulike måtar. Ein kan starte med slutten, eller ein kan starte med starten. Om det er ei spennande historie, så er det ting i historia som bygger opp spenninga. Er det humoristisk? Eller er det trist?

Det er to utdrag frå manuset i dette studiemateriellet. Det første utdraget er frå starten av stykket, og det andre utdraget er frå første gongen Julian er i Villa Kvisten. Les gjerne utdraga høgt i klassen, og snakk om kva vi finn ut om handlinga og karakterane gjennom desse utdraga.

- Korleis var handlinga bygd opp i *Snøsøstera*? Korleis var starten?
- Bygger framsyninga opp mot eit høgde- eller vendepunkt? Var det for eksempel spennande eller overraskande på eit tidspunkt?
- Korleis var avslutninga? Var det overraskande eller naturleg at det slutta på den måten?
- Var det noko som var trist eller morosamt? Snakk om det i klassen.

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering. Likte du framsyninga? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Kven passar ho for, tenkjer du?

Om ein vil, kan ein også gi framsyninga eit terningkast. Terningkast 6 er det absolutt beste terningkastet. Terningkast 1 er det dårlegaste. Mens terningkast 3 er heilt passe. Kva synest du?

Utdrag frå manus


På dei neste sidene er det utdrag frå manuset til *Snøsøstera*.

Sånn les du informasjonen som står i manuset:

- Namn som står i versalar og feit skrift, betyr at ein karakter seier noko.
- Tekst som står i kursiv betyr at det er ei sceneanvisning, som seier noko om kva som skjer på scenen.
- Tekst som står i parentes fortel noko om korleis eller til kven ein skodespelar seier noko. Det som står i parentes skal ikkje seiast.
- Setningar som står i versalar (store bokstavar) er song, og skal syngast.
- Tekst som står normalt, med små og store bokstavar, skal seiast av skodespelaren.

Fordel gjerne rollene ut i klassen og les høgt. Om de ønskjer ei ekstra utfordring, kan de også prøve å spele ut scenen. Korleis vil de løyse det? Kva føler og tenkjer dei ulike karakterane når dei seier det dei seier?

Korleis reagerer dei på det andre seier? Prøv dykk fram!



Prøv å spele ut
desse to utdraga i
klasserommet!

Utdrag 1: FØRSTE AKT, Scene 1 – Jul

Julian aleine på scenen. Det snør. Han syng nokre strofer frå «Når alle andre sansar».

LA DET BLI DET SOM ME KALLAR FOR JUL
OG LA DET BLI DET ME KALLA FOR JUL

JULIAN (til publikum)

Eg er sikker på at du har ganske bestemte meiningar om korleis jula skal vere.

Om kor du skal vere, om kva som skal henge på juletreet og om kven du skal vere saman med. Sånn hadde eg det også ... Og sånn som dette brukte jula å vere heime hos meg.

Ein barndommens juleheim kjem til syne.

Mamma og pappa brukte å pynte treet på vesle julaftan etter at søstrene mine og eg hadde lagt oss. Og når eg vakna, var eg alltid litt redd for at ikkje alt skulle vere i orden.



Julian listar seg over golvet, fram til ei lukka dør. Han stansar og lyttar.

Alt måtte vere der. Lydane.

Svak julesong. «Når alle andre sansar»

Luktene ... Av granbar, av kongerøykelse, peparkaker og klementinar. Og kakao, som forresten er det aller beste eg veit.

Når eg hadde sjekka at det verkeleg lukta skikkeleg jul, tok eg sjansen på å opne døra til stua.

Julian blir overvelda av lys og julestemning. Juletreet strålar. Mamma, (ANNE) og pappa, (ERIK), kastar seg over Julian og klemmer han. Julian elsker at dei klemmer sånn på han, men blir også litt flau.

JULIAN

Og der var dei, alle dei eg var glad i. Mamma og pappa.

ANNE

Gratulerer med dagen, Julian!

ERIK

God jul, Julian! Kjære juleguten vår.

AUGUSTA

Kom igjen!

JULIAN

Og veslesøstera mi, Augusta. Ho har bursdag i august, forresten.

AUGUSTA

Pakker!

JULIAN

Ikkje enno, for hugs regelen:

AUGUSTA (med ein grimase.)
ikkje før etter middag.

JULIAN

Og Juni. Den eldste av oss ungane. Og du kan jo

gjette kva tid på året ho blei fødd.

Juni klemmer Julian.

JULIAN

God jul, Juni.

Dei andre forsvinn ut. Berre Julian og Juni står igjen. Først held dei hender, men så forsvinn ho frå broren.

Juni, søstera mi. Ho hadde vore der kvar einaste jul, alltid ... men ikkje i år.

I år vil stolen hennar ved bordet vere tom ... for ho er død. Død og gravlagd. Aleine langt nede i den mørke jorda.

Det begynner å snø igjen. Ei snødekt gravstøtte kjem til syne. Juni stiller seg bak støtta.

Vi besøker aldri grava.

Julian går mot gravstøtta, men ombestemmer seg, tør ikkje, og spring vekk. Juni blir ståande aleine på scenen. Ho løftar ansiktet mot snøen. Blir ståande og let snøen falle.





Utdrag 2: Scene 3 - Villa Kvisten

Eit fantastisk, julepynta hus openberrar seg.

HEDVIG

Velkommen til Villa Kvisten! Den aller beste plassen eg veit om i heile vide verda.

JULIAN

Huset har eit namn?

HEDVIG

Alle hus med respekt for seg sjølv bør ha eit namn.

JULIAN

Så fint! Har du budd her lenge?

HEDVIG

Sidan eg var lita ... Kom.

JULIAN

Woow...

Julian ser seg rundt.

HEDVIG

Hallo? Er det nokon heime? ... dei må ha gått ut ein tur.

Julian stansar ved nokre teikningar på veggen.

JULIAN

Men sjå på desse! Så fine!

HEDVIG

Det er storebror min som har teikna dei.

JULIAN

Å...

HEDVIG

Eg gler meg til du får treffe han! ...

Eg teiknar sjølv i blant, eg har så flotte bilde i hovudet, men eg får dei ikkje ut, viss du forstår kva eg meiner, det blir berre stygge blyantstrekar på papiret.

Men bror min, han er ein skikkeleg kunstnar! ... Kjøkkenet er denne vegen.

Ho tar med seg Julian til kjøkkenet og begynner å lage kakao.

JULIAN

Lagar du ofte mat til deg sjølv?

HEDVIG

Absolutt. Spesielt kakao! ... Vi treng krem!

Ho hentar frå ein bolle.

Restar frå frukosten.

JULIAN (imponert.)

Drikk du kakao til frukost på ein kvardag?

HEDVIG

Kvar morgon, viss eg kan bestemme.

JULIAN

Og kan du det, da? Bestemme?

HEDVIG

Kva trur du? Koppar, dei største vi har...

Ho heller opp kakao i koppar, og tar kremen.

...også ein diger dott med krem, sånn!

Ho set koppene på bordet, så hugsar ho:

Og peparkaker, eg lova deg jo peparkaker.

Ho finn fram peparkaker frå eit skap.

Ver så god, kjære gjest. Eg er så glad for å ha møtt deg ... ærleg talt ... eg trur ikkje du kan førestille deg akkurat kor glad eg er ...

JULIAN

Ja ... Eg meiner nei ...

Dei skålar og tar store slurkar av kakaoen. Kosar seg og ler.

HEDVIG

Var han god?

JULIAN

Den beste eg har smakt!

HEDVIG (*kjem på at ho må tenne lysa på bordet.*)
Eg gløymde noko.

(Ho tenner ei fyrstikk)

Så tenner me tre lys i kveld. For tru, håp og glede. Tre lys... Og snart er det fire!

Dei drikk opp.

HEDVIG

No må vi gjere noko. Likar du å leike gøymsel? ... alle med vett i skolten likar gøymsel! ... Og no, når du faktisk er på den beste gøymsel-plassen i heile byen, da kan du faktisk ikkje seie nei til ein ørliten runde?

JULIAN

Nei? Eg kan vel nesten ikkje det?

HEDVIG

Nesten? Nei, du kan absolutt ikkje det!

JULIAN

... Okei.

HEDVIG

Du gøymer deg, eg leitar. Det ville ikkje vore rettferdig viss du skulle leite etter meg, for eg kjenner dette huset ut og inn, og du ville ikkje klart å finne meg igjen, og er det ein ting eg ikkje vil, så er det å forsvinne for deg! ... eg tel til tjue!

Ho legg hendene framfor auga.

Ein ... to ... tre ...

Julian leitar etter ein plass å gøyme seg mens Hedvig tel.

Først prøver han bak ein stor sofa, men blir ikkje nøgd.

Han testar bak gardinene, men føtene synest.

Han går lenger vekk frå Hedvig, og kjem inn i enda eit rom, veggjar med varm farge, koseleg lys frå ein kakkelovn. Han blir ståande og smile. Men så forandrar stemninga seg. Veggjen han ser på, endrar seg plutselig. Fargen blir grå, forfallen. Ein edderkopp kravlar oppover.

HEDVIG

.... Femten ... Seksten...

JULIAN

Kva er det her?

HEDVIG

Nitten ... Tjue! Den som ikkje har gøymt seg nå må stå!

JULIAN

Hedvig, Hedvig! Kom hit!

Han snur ryggen til veggjen og i det same endrar den farge. Igjen er den koseleg, varm og ny.

HEDVIG

Skulle du ikkje gøyme deg?

JULIAN

Jo ... men ...

*Han snur seg mot veggen, no er den igjen
varm i fargen, koseleg og nytapetsert.*

HEDVIG

Julian? Er det noko? Du ser ut som om du har sett
eit spøkelse ... Julian?

Sei noko da?

JULIAN

Eg ... eg veit ikkje ...

Let som om han kikkar på klokka.

Eg trur eg må heim. Middag.

HEDVIG

Må du? Verkeleg?

JULIAN

Er det ikkje snart middag hos deg også?

HEDVIG

Joda, sikkert. Men du må komme tilbake. I morgon.
Lovar du å komme i morgon?

JULIAN

Kanskje ...

Julian kler på seg.

HEDVIG

Eg kan lage frukost! Sei at du kjem, da!

JULIAN

... Eg finn ikkje skjerfet mitt.

HEDVIG

Lån mitt

JULIAN

Men-

HEDVIG

Eg har så mange. Ta det med deg i morgon.

JULIAN

Okay ...

HEDVIG

Eg ventar på deg.
Eg og Villa Kvisten ventar på deg!

